

Fjågesund Posten

Nr. 1 januar 2018

Det er snart tid for den årlege basaren til **Fjågesund Idrettslag**. Me er svært takksame for gevinstar til loddbøkane kåns. Dei kan leverast til Kjersti eller Odd seinast **sondag 28/1-2018**. På førehand takk! Helsing styret.



KOM DEG UT-DAGEN

Ski-, ake- og aktivtetsdag på Fjågesundheia ved Knarrbu, **sondag 21. januar kl 12.00-15.00**.

DNT er 150 år og vart stifta på denne dagen. Ta med akebrett og-eller ski, varme sko og klede.

Arr. Gautefall Turlag og DNT Telemark



GRILL-KVELD I LJOSLØYPA!

Fredag 26. januar kl 18.00

v/Evjo.

Me set opp bålpanne, lagar sitjeplassar og spanderar pølser, brød, og kaffe/saft. Ta med ski/akebrett om ynskjeleg. Parkering v/skulen. Værratterhald, ikkje under -10°C . Velkomen!

Arr. Fjågesund IL

GUDSTENESTE

Sondag 11. februar kl. 11.00

i Fjågesund kyrkje v/Møyfrid Lunde. Nattverd.

MORO-KVELD!

Fredag 16. februar kl 18.00

for alle på grendehuset.

Ballspel. Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate. Vi vil gjerne at du kjem!!!



ÅRSMØTE

Fjågesund Idrettslag tysdag 20. februar
kl. 18.00 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av styre og verv
- Medlemskontingent
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.



ÅRSMØTE

Fjågesund grendehuslag tysdag 27. februar
kl. 18.00 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

SKITUR

Knarren rundt søndag 4. mars

Start frå Knarrbu kl. 11.00

Ta med niste. Værratterhald.

Arr. Fjågesund IL.

MORO-KVELD!

Fredag 9. mars kl 18.00

for alle på grendehuset.

Bordtennis. Det blir sal av pizza, brus og kaffe.

Det er også mogleg å site i gangen og bare

prate. Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL



BASAR

Palmesøndag 25. mars kl 13.00

på Fjågesund grendehus

- Sal av lynlodd

- Loddsal og trekking av basarbøker.

Hovedgevinst gavekort 3000,-

- Sal av kjøtsuppe, kaffi, kaker, pølser, brus

VELKOMEN!

Arr. Fjågesund IL.



KNARREN RUNDT 2018

IL Tørn og Fjågesund IL inviterer til turrennet

Knarren rundt skjærtorsdag 29. mars 2018.

Turrenn 11,5 km klassisk stil i variert heiterreng

Start konkurranseklasse kl.13.00 Full premiering

(så langt lageret rekker og det har aldri gått

tomt) Start trimklasse frå kl.09.00 og utover

dagen Premiering for trimklasse fåregår ved

loddtrekning.

GUDSTENESTE

2. påskedag 2. april kl. 11.00

i Fjågesund kyrkje v/ Møyfrid Lunde.

Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt



STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi køyrer rundt og samlar inn:

Onsdag 4. april kl 17.00



LOPPEMARKED!

Mange har etterspurt, og idrettslaget vil difor arrangere eit loppemarked laurdag 1. september 2018 på grendehuset. Me er svært takksame for lopper, det som er unyttig for deg kan vere nyttig for andre, du støttar samstundes idrettslaget og sparar miljøet! Det vert tre innsamlingsdagar på grendehuset veka før arrangementet. Desse vert annonsera seinare.

På førehand takk, helsing styret i Fjågesund IL.

BLI GRASROTGIVAR!

**GRASROT
ANDELEN**
NORSK TIPPING

Støtt Fjågesund grendehus utan at det kostar deg noko ekstra.

Hvis du registrerar Fjågesund grendehuslag som din Grasrotmottakar hos Norsk Tipping, vil Norsk Tipping betale 5% av innsatsen din til Fjågesund grendehuslag utan at du tapar noko på dette.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:
fjaagesund.no

Fjågesund IL er på Facebook